

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 27.07.2016
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport – Internkontroll i TSB-institusjonar**

ARKIVSAK: 2016/2528
STYRESAK: **096/16**

STYREMØTE: **07.09. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som RHF-et og TSB-institusjonane sett i verk.

Kommentarar

Føremålet med revisjonen har vore å undersøkje om dei private TSB-institusjonane Helse Vest RHF har avtale med har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Revisjonen har omfatta alle dei åtte avtaleinstitusjonane. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå institusjonane og Helse Vest RHF. Det er gjennomført intervju med leiarar og tilsette ved både institusjonane og i Helse Vest RHF, samt gjennomført ein journalgjennomgang av tilfeldig utvalde pasientjournalar ved alle avtaleinstitusjonane.

Hovudkonklusjon i rapporten: Dei private TSB-institusjonane har etablerte kvalitetssystem som gir tiltru til at dei oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Det ligg føre eit visst rom for forbetring knytt til innhald og praktisering, og til Helse Vest RHF si oppfølging.

Revisjonsutvalet si behandling

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 17. juni 2016. Dette blei notert (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet gjekk gjennom revisjonsrapporten.

Hovudkonklusjonen er at dei private TSB-institusjonane har etablerte kvalitetssystem som gir tiltru til at dei oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Det ligg føre eit visst rom for forbetring knytt til innhald og praktisering, og til Helse Vest RHF si oppfølging.

I revisjonsutvalet si drøfting kom det fram at sjølv om det er primærhelsetenesta som har størst ansvar for å gi tilbod om individuell plan, så må òg institusjonane i spesialisthelsetenesta orientere pasientar om deira rettar og initiere at det vert sett i verk ein prosess for utarbeiding av IP.

Utvalet ga tilbakemelding på at det var positivt at institusjonane hadde fått individuelle tilbakemeldingar i tillegg til det som går fram av revisjonsrapporten.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som RHF-et og TSB-institusjonane sett i verk.

Oppfølging av rapporten

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet når det er gått ei tid, om oppfølginga i RHF-et og ved institusjonane. Det vil venteleg skje ved i første halvår 2017. Ei tilbakemelding til styret vil òg bli gitt på høveleg vis.

Vedlegg:

Internrevisjonsrapport om Internkontroll i TSB-institusjonar